Kyrkjeblad for Lom

Nr. 4 - 2026 Bøverdalen - Lom - Garmo 85. årgang



Informasjon frå kyrkjene i Lom

Kyrkjeblad for Lom 4. utgåve 2026

KYRKJENE I LOM
Kontortid kvardagar 10:00-14:00
Besøksadresse: 3. etg. Midtgard
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom

Leiar Lom kyrkjelege råd
Per Morten Mork, tlf. 909 40 635
morkpermorten@gmail.com

Prest
Emil Djøseland, tlf 994 37 351
tage.emil.djoseland@lom.kommune.no

Kyrkjeverje
Anne Kristin Stenersen, tlf 481 65 527
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjelydssekretær
Guri Husom, tlf. 481 65 528
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjetenar
Jonas Fjeld, tlf. 400 62 194*
jonas.fjeld@lom.kommune.no
Ole Kristian Gråv, tlf. 400 62 194*
ole.kristian.grav@lom.kommune.no
**Kontortelefon. Ikkje tilgjengeleg kveld/helg.*

Organist
Rasim Ramazanov, 939 30 538
rasim.ramazanov@lom.kommune.no

Kyrkjelydsarbeidar
Endre Skjåk, tlf. 901 35 738
endre.skjak@skjaak.kommune.no

Omvisartenesta
Tlf. 481 65 529
booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

Kyrkjebladet
Konto: 2085 07 11772 (merk «kyrkjeblad»)
Bladpengar pr. år: Innanbygds: 150,-
Utanbygds: 200,- Utanlands: 250,-

Redaksjonsgruppe:
Anne Sulheim, Asta Brimi, soknepresten, kyrkjelydssekretæren og kyrkjeverja

Utforming/sideoppsett:
AV Rossehaug
Trykk: Dale-Gudbrands Trykkeri as

Gåver til blomefondet ved gravferder

NB! Det er svært viktig at du brukar vippsnummer og kontonummer som står i dødsannonsene, viss ikkje kan namnet ditt hamne på feil gåveliste.

Du treng ikkje å skrive kven som gjev gåva. Vi ser namnet på innbetalinga.

MEN! Dersom du gjev gåve frå fleire, eller andre enn deg sjølv, skriv namnet i kommentarfeltet.

Listene vil bli lagt i banken til henting som tidlegare, men det er viktig at du overfører pengegåva di innan kl. 11.00 gravferdsdagen slik at du kjem med på liste til dei etterlatte.

- **Dei etterlatte vil kun få namnelister for det som er sett opp som minnegåve i dødsannonsane.**
- **Det vil ikkje bli laga namnelister for dei som eventuelt vil gje minnegåve til blomefondet i tillegg.**

Slik var det før, men dødsannonsane blir svært lange og dyre dersom ein skal ha med mange bankkontonummer/vippsnummer, og det er fyrst og fremst dei etterlatte som bestemmer kva føremål minnegåvene skal gå til.

Gåver til Lom Blomefond utanom gravferder

Det er sjølvsagt fint om du vil gje pengegåver til blomefondet utanom gravferder også.

Då kan du nytte desse nummera:
- **Konto** 2085 29 66107 (ikkje bruk dette ved minnegåver til gravferder)
- **VIPPS** 533520 (ikkje bruk dette ved minnegåver til gravferder)

Er det spørsmål i samband med blomefondet, kan det rettast til kyrkjekontoret på tlf. 481 65 527, eller kyrkjekontoret@lom.kommune.no



Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad er 1. februar 2027

Presten sine tankar

Det er spanande å flytta frå Jæren til Lom, og når dette bladet er i trykken, er vi i gang med vår fyrste vinter her oppe. Ein stor overgang for liten og stor i familien, men me kjenner oss godt tatt imot av bygdefolket i Lom, Garmo og Bøverdalen. Takk for det! Det varmar å høyra at det er triveleg med ljos i glasa i prestegarden. No har prestegarden hatt eit roleg liv utan småfolk i det siste, men no er det liv og barneføter som spring i trappa.



I jula så markerer me at Jesus vart fødd og at Gud vart menneske. Det er ein av dei tre store festane i kyrkjeåret. Likevel så er den tradisjonelt sett ei fastetid og førebuingstid i kyrkja før den store festen. Tanken

No har prestegarden hatt eit roleg liv utan småfolk i det siste, men no er det liv og barneføter som spring i trappa.

bak fasta kan vera at den hjelper oss til å sjå klarare kva som er verdifullt i våre liv og våre fellesskap. Det som ikkje kan målast i kroner og øre. I kyrkja ser me det på fargane: Lilla for advent, for så den kvite fargen julekvelden medan ein kimar med klokkene i grendene våre til julefest.

Julemysteriet i kyrkja er at Gud vart menneske, for å vera med oss menneske. Jesus vart sårbar, fødd som eit lite spedbarn blant nybakte foreldre i ei uroleg tid i verda. Store kontrastar. Frå englesong på marka til å måtta flykta til Egypt i fare for sine liv. Ikkje ein lett start på familielivet.

Det kan vera så skummelt å vera sårbar. Me kan kjenna på andre sine forventningar, normer og ting som har skjedd, men det er sagt at det at me menneske er sårbare er nettopp vår store fordel. For den bind oss saman og gjev håp. Det knyter band mellom oss.

Så kan me kanskje ta med oss dette perspektivet inn i julehøgtida, ha eit blikk for dei kring oss. Ta kontakt og høyra korleis det står til, lytta til kvarandre, visa omsorg og gje rom, og med det så deler me også julebodskapen og gjev håp.

Som tidlegare Jærbu vil eg avslutta med eit salmevers som ein annan Jærbu, Peter Hognestad, omsette frå tysk i 1921, det tredje verset av «Det hev ei rose sprunge».

Guds rose ljuvleg angar
og skin i jordlivs natt.
Når hennar ljos oss fangar,
ho vert vår beste skatt.
Me syng i englelag:
No er det fødd ein frelsar,
og natti vart til dag.

Med ynskje om ei god og velsigna høgtid!

Emil Djøseland

Deg være ære!

Mi salme

Ja, dette var ikkje enkelt. Det er så mange fine tekster og vakre melodiar å velje i, men eg landa på Deg være ære.

Det er ei påskesalme skreve av den sveitsiske presten Edmund Louis Budry i 1885, oversett til norsk av Arne Fjelberg i 1947. Den mektige musikken er eit utdrag av oratoriet Judas Maccabaeus av Georg Friedrich Hãndel.

Dette er ei salme eg alltid har tykt er høgtideleg og fin. Med ei tekst som er så forteljande om påskebodskapen kan den vera til trøyst i ei tung tid, difor er Deg være ære ofte nytta i gravferder. For oss i familien var det difor naturleg å bruke den i gravferda til både mor og far.

Den mest spesielle opplevinga eg har når det gjeld denne salma, er ute ved kyrkja etter messa påskenatta. Når vi står ute på kyrkjegarden under ein klår og fin stjernehimmel og syng Deg være ære,- da er det høgtid.

Dette var mitt bidrag til Mi salme.

Eg vil utfordre Lars Eivind Sulheim til å skrive om si salme!

Helsing
Helga Rusten



Deg være ære Herre over dødens makt
Evig skal døden være Kristus underlagt
Lyset fyller haven se en engel kom
Åpnet den stengte graven
Jesu grav er tom

Deg være ære
Herre over dødens makt
Evig skal døden være
Kristus underlagt

Frykt ikke mere Evig er han med
Troens øye ser det Han gir liv og fred
Kristi navn er ære seier er hans vei
Evig skal han regjere aldri frykter jeg

Deg være ære
Herre over dødens makt
Evig skal døden være
Kristus underlagt

Se Herren lever Salige morgenstund
Mørkets makter bever Trygg er troens grunn
Jubelropet runger Frelseren er her
Pris han alle tunger Kristus Herre er

Deg være ære
Herre over dødens makt
Evig skal døden være
Kristus underlagt

- «Deg være ære» har nummer 197 i Norsk salmebok(2013).
- Melodi: Georg Friedrich Händel (frå oratoriet Judas Maccabaeus)
- Tekst: Edmond Louis Budry (1885), oversatt til norsk av Arne Fjelberg (1947)

Oslo Gospel Choir har ein flott versjon av salma du kan høyre ved å skanna denne QR-koda med telefonen din:



Fyrste rad frå venstre: Torunn Sygard, Hilda Brekka, Sølvi Solberg Teigen, Marit Wiker Moen og Jorunn Kvale.
Andre rad frå venstre: Asta Søvde, Elbjørg Grindstugun, Vigdis Ahlstrøm Svanæs,
Tredje rad frå venstre: Arne Turtumøygard, Lars Austin, Christian Vole.
Fjerde rad frå venstre: Magnar Aukrust, Helge Solbakken, Olgeir Marstein og Steinar Teigen. Arvid Juland manglar.



Lars Brustuen og Ottar Nyøygard

Ti år eldre, like spreke!

Som skrive i tidlegare kyrkjeblad, hadde vi ikkje 60-års jubilantar dette året. 80-års jubilantar er det ikkje kvart år vi har, men det hadde vi i år. To spreke karar møtte, Lars og Ottar. Lars kom jamvel den lange vegen frå Gol, for å vera med på jubileet. Vi håpar dei ei lita stund følte seg ti år yngre då dei opna førre kyrkjebladet.

70-års jubilantane vart også plutseleg 10 år yngre. Noko vi har fått attendemelding på vart sett pris på!

Rett skal vera rett, difor trykkjer vi bileta av dei ein gong til. ***Flotte konfirmantjubilantar!***

Ein vanleg haustdag på kyrkjekontoret i Lom

Kyrkjelydssekretær Guri arbeider mykje med kyrkjebladet gjennom heile året, og har god hjelp av bladnemda der blant andre Anne Sulheim og Asta Brimi er ivrige skribentar. Men no har Guri bede meg om å skrive nokre ord frå kyrkjeverja, det var på tide meinte ho. Og då blir det nokre ord frå ein typisk dag på kontoret.

Når vi kjem på arbeid om morgonen, slår vi på kaffetraktaren.
Før vi drikk kaffe, sjekkar vi om det er viktige e-postar som det hastar å svare på. Kanskje er det melding om dødsfall frå gravferdshjelpa som ligg i innboksen? Då må kaffekoppen vente. Dette er ikkje trivelege meldingar å få, men då er vi raske med å setje i gang arbeidsrutinar for å ta hand om pårørande, og koordinere det praktiske rundt gravferda. Vi har eit svært godt samarbeid med Anne Sperstad, Frikk Geilo og Mari Midtli. Det som ofte kan vera utfordrande er å finne vikarprest dersom presten i Lom ikkje kan stille som prest i komande veke. Men vi får god hjelp frå Sel kyrkjekontor som skaffar prestar frå andre delar av dalen, og i nokre tilfelle frå andre delar av landet. Det må vera som å drifte eit vikarbyrå utan vikarar, tenkjer vi.

Og så drikk vi kaffe. Den nye presten vår Emil er ein ihuga kaffedrikkar forresten, og ein svært triveleg kar å samarbeide med. Vi er så glade for at han vil vera prest i Lom, sjølv om han må bruke tid på studiesamlingar også. Etter at han starta som prest under utdanning, har kvardagen blitt lettare med omsyn til å finne prest til alle messer og gravferder. Eg prøvar å logge meg inn i Gravregisteret, men får «Feil ved innlogging». Eg ringer supporttelefonen, og ventar på hjelp eit par timar.

I året som no snart ligg bak oss, har Jeva AS måla Bøverdalskyrkja og det nye gjerdet. Dei er no i gang med å måle vindauga i Garmoskyrkja. Vedlikehald skal finansierast, koordinerast og fylgjast opp frå kontoret med god hjelp frå rådsleiaren vår Per Morten Mork. Han er ikkje vond å be når det hjelp praktisk hjelp og støtte. Andre utbetringar vi har planlagt i løpet av året, er å bygge ein betre rullestol-inngang bak Lomskyrkja, og skifte ut brotne skiferheller i gangvegane. Det blir ein del drøftingsmøte med Riksantikvaren når noko skal gjerast. Vedlikehaldsoppgåver fyller mykje av arbeidsdagane våre.



Anne Kristin og Guri i sedvanleg godt humør!

Det er godt med alt dette som er planlagt, men så kjem det brått uforutsette oppgåver, og ikkje minst utgifter som dett i fanget på oss; giftfunn i Lomskyrkja til dømes. Vi ventar i desse dagar på ein detaljert rapport om nivå av giftstoff i lufta inne i kyrkja. Dei er sannsynleg svært låge, men det er godt å få eit grundig svar på om arbeidsmiljøet er forsvarleg. Men yrkeshygenikarar er ikkje billige! Så då må vi vel ta ei budsjettjustering og håpe at det ikkje kjem fleire overraskingar i løpet av året.

Og så må vi forhalde oss til desse klimaendringane då! Vi har fått meir regn og sterkare vind. Her ein dagen oppdaga vi at takrennene på Lomskyrkja ikkje lenger held borte regnvatnet frå veggane. Dei må lagast nye, og det kostar ekstra kroner, men heldigvis er Stokk og Stein ikkje langt unna. Vi er takksame for gode handverkarar og rådgjevarar i nærleiken. Vi må gjera ei budsjettjustering i rådet, og vone at det ikkje kjem fleire overraskingar i løpet av året. Riksantikvaren må godkjenne forslaget til nye takrenner. Dei skal sjå ut som dei er gamle sjølv om dei blir nye. Vi må nok vente på svar ei god stund. Eg loggar meg inn i Kirkedata.no der vi administrerar aktivitetane våre. Eg får «Feil ved innlogging» Eg ringer supporttelefon, og ventar på hjelp.

Kven ringjer til kyrkjekontoret, eller kjem innom oss?
No er det forresten vorte umogleg å
gå inn til oss og banke på døra utan avtale.

Ring oss, eller be om hjelp på servicetorget til å kontakte oss, så kjem vi ned og hentar deg, kanskje du får ein kaffekopp òg!

Dei fleste som ringjer eller kjem innom, har spørsmål om dåp, vigsel, konfirmasjon, gravferder, festeavgifter og gravminne.
-Kor mange graver er det eg betaler for eigentleg? Å er det så mange? Ja men då treng eg ikkje alle, då kan den eine gå attende til kyrkjegarden. Og då ordnar vi ei avtale på det.

Elles vil folk gjerne seie frå om ulike avvik, t.d at det er ein preikestol som ser ustabil ut. Eg var redd presten skulle dette ned eg, då eg var på messa sundag! Eg kjende ein spikar i ryggen som stakk ut av ein kyrkjebenk på gravferda eg var på førre veke. Burde det ikkje vore tørka støv av ljoskrona i Lomskyrkja snart? Kan vi få fleire benkar på kyrkegardane? Slike spørsmål er nyttige, og vitnar om at folk engasjerar seg i lokalkyrkja vår.

Vigdis Kroken ringjer og spør om det er noko nytt å melde frå kyrkjekontoret? Når ho slår på tråden, brukar eg å svare at vi ikkje har så mykje å skrive heim om. Men Vigdis les alle offentlege sakspapir for Lom kyrkjelege råd, så då fann vi ut at ho kunne fortelje lesarane av Fjuken at Biskopen i Hamar kjem på visitas til Lom neste haust. Det er litt lenge til, men ei gladsak vart publisert.

Ei dame frå Volda ringjer og seier at dei får besøk av ein slektning frå USA i neste veke. Han vil gjerne ta ein tur til Lom fordi han har slekt i Lom frå langt attende i tid. Har vi namnet på gravstøtter frå tidleg på 1800-talet? Namnet på bror til tipp-tippoldefar hans var Ola Olsen. Står gravsteinen der enno? Den gjer nok diverre ikkje det, sjølv om vi har att nokre eldre steinar som vi har teke vare på.

Eg loggar meg inn i på Kirkepartner.no for å legge inn eit foto av kyrkjelydsarbeidaren Endre Skjåk på nettsida vår. Eg får «Feil ved innlogging». Eg ringer supporttelefonen og ventar på hjelp. Eg får hjelp med det same! For ei lykke! Dette må vi feire med ein kaffekopp!

Viss dykk vil gjera dykk kjende med den nye nettsida vår, kan dykk sjå bilete av både Endre og alle vi andre som jobbar i kyrkja. Og der finn du kalendaren vår med tidspunkt for gudstenester framover. Og mykje anna interessant stoff. Men det var dette vi rokk i dag. Hugs å slå av kaffetraktaren, seier eg til meg sjølv! Med ynskje om ei retteleg God Jul, og eit varmt velkomen til alle som vil vitje oss på kyrkjekontoret i året som kjem!

Anne Kristin Stenersen
Kyrkjeverje



Konfirmantpresentasjon

Sundag 20. september kom 13 spente konfirmantar til Bøverdal kyrkje, for å presenterast for kyrkjelyden. Der fekk dei kvar sin konfirmantbibel som skal vera arbeidsverktyet deira gjennom vinteren i konfirmantundervisinga.

Sigurd Husom-Larsen, Oscar Storlien Grjotheim, Martine Bruhaugen, Samuel Kvamme, Lillian Brimi Bohm, Andrea Lyngved, Ellen Øyen Smedsmo, Vebjørn Vole-Bakke, Sigrid Grøna, Jo Turtum Gubhage, Bjørn Alexander Sva Kristiansen, Veronica Welve Nordvik og Oskar Stenersen.

Morgonstjerna

«Mange gonger og på mange måtar har Gud i tidlegare tider tala til fedrane gjennom profetane. Men no, i desse siste dagar, har han tala til oss gjennom Sonen». (Hebr. 1,1-2)

Det er noko nytt som skjer no, i desse siste dagane. I desse siste dagane seier Gud at han har vorte som oss. Det er juleevangeliet også i år. Han har kome for å ta seg av vanlege, engstelege, einsame og redde menneske. Den uutgrundelege, løynde Gud som i Det gamle testamentet blir nemnd med namnet: Eg er den eg er, blir openberra i Jesu liv, død og kjærleik.

Å tru på juleevangeliet er å våge å tru at det største, det mest uforståelege, det mest useielege – er gøymd i noko ørlite og ubetydeleg. Det er å våge å høyre røysta som kan riste himmel og jord i barneskriket frå ein stall, og i smerteropet frå ein kross. Det er å høyre at i opphavet var Ordet, og ane at Ordet er pludringa og gråten til barnet. Ordet er: min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg? Ordet er: Eg er den Eg er. Ordet er: ei evig stille, eit tomrom, noko som ikkje kan eller må nemnast. Ordet er: Jesus. Menneske mellom menneske.

Morgonstjerna kan sjåast i aust, like før sola stig. Det er planeten Venus vi kallar morgonstjerna når ho står slik at ho viser seg på austhimmelen om morgonen. Morgonstjerna er som eit forvarsel. Eit lys før lyset. Ho fortel at ein ny dag er i ferd med å bryte igjennom.

«Eg er Davids rotskot og ætt, den klåre morgonstjerna.» Orda er lagde i munnen på Jesus i den siste boka i Bibelen. Når året er på sitt mørkaste, er Morgonstjerna på sitt klåraste - slik ho er på julemorgon. Fødselsnatta har skjedd og juleevangeliet har gått over i eit kosmisk og universelt mysterium som gjer det sant at kjærleiken er hos oss, slik Morgonstjerna er det. Dette mysteriet at Gud vart menneske. At lyset skin i mørkret, og at mørkret ikkje har overvunne det.

Forfattaren Karl Ove Knausgård har skrive ein serie bøker der Morgonstjerna står sentralt. Her blir vitskapens rasjonalitet broten mot eksistensens grenseoverskridande mysterium. I den første boka skriv han: I går kveld dukka ei ny stjerne opp på himmelen. Ho lyser der oppe over meg no. Morgonstjerna. Eg veit kva ho tyder. Ho tyder at det har byrja.

Ole Kristian Bonden
Hamar biskop



Foto: Lars Martin Bøe

Barnas

Vits:

Veit du kva som er meitemarkens favorittsong? Svar: Deilig er jorda.

LABYRINT

Kan du hjelpe gjetarane å finne vegen til stallen?



Teikningar: EMILY FOX

FINN FEM FEIL

Her fortel englane gjetarane om Jesusbarnet i krybba. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet under?





FARGELEGG



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



PRIKK TIL PRIKK

Teikn strek frå 1 til 2 også vidare. Kva gøymer seg her?





Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei.
Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde.

Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrt og sett; alt var slik som det var sagt dei.

Den nye presten i Lom er på plass

Emil Djøseland heiter nypresten, han er 34 år og kom flyttande til Lom frå Undheim på Jæren etter å ha budd og arbeidd der i nær 8 år. Fyrst som lærar fram til 2025, så eit år som prest før han kom flyttande til Lom.



Emil med Levi på armen, Enok på sida.

Med seg på flyttelasset hadde Djøseland ein stor og flott familie; Kona Ellinor og barna Neah 11år, Anna 8 år, Enok 5 år, Isak 3 år og Levi 1 år.

Og maken til hyggelege velkomst som underteikna fekk då eg kom til gards for eit intervju med den nye presten, ja det skal ein leite lenge etter: Døra gjekk opp og der sto ein smilande og fin Enok (5år) og tok imot saman med pappa Emil og veslebror Levi som skulle ut og ta formiddagsluren sin.
-Her i Lom har vi det bra, seier Djøseland medan han ordnar kaffe på kjøkenet.
-Eg søkte prestegjerning på fem stader i landet og fekk napp i Lom.
-Det er vi glade for, smiler han.

Emil Djøseland er fødd og oppvaksen i Sandnes. Han var ein del av idrettsmiljøet der og gjekk idrettslinja på vidaregåande skule.
-Men, kring 15-årsalderen vakna truslivet og -tanken meir og meir hjå meg og eg gjekk oftare til kyrkja.
-Eg fekk liksom eit kall om at det var teologistudiet eg skulle velgje. Det gjorde eg og, tok ein bachelor i teologi, men tok etter det ei pause og gjekk lærarskulen i Kristiansand, fortel Djøseland.

Etter endt lærarutdanning var han tilsett som lærar på Bryne i nær 6 år.
- Det var så kjekt, seier han, men legg til at etterkvart voks tanken om å bli prest fram att, og han fullførte teologistudiet.
-Eg var prest i ei menigheit i Egersund ei tid, etter det var vi åtte år i Undheim på Jæren. Etter så å ha søkt på fleire prestestillingar rundt om i landet, hamna vi her i Lom, smiler nypresten, medan han skjenker kaffe til oss vaksne, og jamvel ein tår til smågutane Enok og Isak, som har halde oss med triveleg selskap under praten.

-Her I Lom er det kjekke folk, fin natur, gode, gamle tradisjonar, og ikkje minst all den flotte kulturen i bygda.
- Vi trivst godt her i prestegarden med god plass til oss alle, seier han og legg til at familien er glad i det enkle livet, og har funne seg godt til rette.
-Det var sjølvsagt litt vanskeleg for ungane å bryte opp alt som var kjent og kjært, det blir litt som ein sorgprosess det, men vi må gje det litt tid, seier presten.
-Eg trur vi kjem til å få det godt her, og som far og prest må eg gje det den tida det treng, seier presten, litt tankefull.
-Og med fem ungar i ulik alder blir det mange forskjellige treffpunkt.
Vi er glade i friluftsliv, så her er det mange moglegheiter, seier Djøseland og legg til at han ser fram til å møte bygdefolket i kyrkja, i kvardagen i Lom, og elles ta del i livet i bygda.

-Her kjem vi nok til å trivast, avsluttar den nye presten vår.



Tekst/bilde: Asta Brimi

Pilegrimstur me



d konfirmantane





Andre helga i oktober reiser vi til Trondheim på pilegrimstur med konfirmantane våre. I følge nokre av konfirmantane reiser vi altfor tidleg om morgonen, men skal vi få noko ut av dagen, må vi reise tidleg. Sidan det er Haverstad Turbiler frå Hundorp som køyrer oss, kan vi berre tenkje oss kor tidleg buss-sjåføren må stå opp.

Klokka er sju når vi køyrer ut frå kyrkjevollen. Utanfor bussvindauga er det myrkt enda, og med trøytte tenåringar om bord er det så stille at fleire av oss sovnar. Både konfirmantar og vaksne. Men på fyrste stopp som er Eysteinkyrkja, vaknar vi brått, for der inne er det nesten kaldare enn ute. Vi får òg kjenne på den fyrste snøen, sjølv om det er kome berre ein centimeter eller så. Trusopplærar Endre fortel om kong Eystein, og knyter historia til våre eigne trakter i Lom, noko som gjer historia meir interessant.

Framme i Trondheim litt over høgstdag, er vi innom hotellet med bagasja vår, før vi set kursen mot Vitensenteret og 22. juli- minnesmerket. Før vi går vidare til Vår Frue kirke, fortel Endre om korleis kyrkja fungerer for folk som har havna litt på utsida av samfunnet. Laurdagar har dei noko som dei kallar «Vår Frue på laurdag», som varar ein halvtimes tid, og jammen var vi heldige, for denne laurdagen var det konsert med eit folkerockband.

Konfirmantane får fri eit par timar, og desse timane blir nok stort sett brukt på kjøpesenter. To år sidan var det sjeik-kostymer som stod på handlelista, i fjor kom fem gutar att i like polyesterskjorter, i år var fleire av gutane var på parfyme-shopping. Det lufta såpass i gangane på hotellet at vi måtte setja forbod mot «spraying» sundagsmorgonen med tanke på bussturen heimatt. Om kvelden åt vi som vanleg i Egon restauranten i Tyholttårnet, og såg heile Trondheim by frå omlag 74 meter over bakken.

Sundag morgon stod vi opp med litt for lite søvn for nokre av oss, da det viser seg at tenåringar ikkje har behov for like mykje søvn som oss vaksne. Men hotellfrukost med kaffe smakar godt, uansett kor trøytt ein er.

Under høgmessa i Nidarosdomen sat alle konfirmantane som tende ljos, så det må vi skryte av. Etter messa fekk vi omvising i domen av ein veldig dyktig guide. Det var nokre andre besøkande som hengde seg på gruppa vår, så vi får håpe dei skjønte alt som vart sagt, for vi vart guida på rein Vågådialekt. Det var stor stas tykte vi!



Fest for friviljuge i kyrkjene våre

Den 23. oktober hadde vi ei triveleg samling for dei friviljuge på kyrkjelydhuset i Lom. Vi er så heldig å ha fleire enn 40 personar som hjelper til med smått og stort gjennom året. Utan dei hadde det vorte vanskeleg å gjennomføre dei mange oppgåvene våre.

Mange kyrkjevertar, tekstlesarar og songarar bidreg på messer. Barneklangen har 23 medlemmar med ein frivillig kordirigent, vi har eit diakoniutval som syng på Helseheimen og arrangerar salmekveldar. Vi har gode bakstarar som kjem med kaker til kyrkjekaffe, og nokon stiller opp frivillig og klypper gras om sommaren. Andre sit i råd og utval, og andre vaskar kyrkjene og bidreg i konfirmantarbeidet. Andre oppgåver vi får hjelp til er vasking av dukar, bortkøyring av rask og klokkeringing.

Hjarteleg takk for innsatsen alle saman!



Frikk Gjeilo framførte dikt og songar på lomsdialekt, og han fortalde ei historie basert på brev etter Rolv Vaagaasar som forliste ved Rockall på veg til Amerika i 1904. Jorunn Kvale hjalp til med historieforteljinga.



Terje Blakarstugun fekk ein spesiell takk for mangeårig og brei innsats som friviljug etter at han slutta som kyrkjetenar. Han er til og med organist-vikar når det trengst!

Julehelsing frå Lom kyrkjelege råd

Då har vi snart kome til eit nytt årskifte att. Vi i Lom kyrkjelege råd ynskjer å sende ein stor takk til alle som har stilt opp for kyrkjene våre gjennom året. Kyrkjevertar og tekstlesarar som bidreg i messene våre. Kyrkjebladnemda som gjer at vi får kyrkjebladet i postkassene våre. Til dei som stiller med bakst på dugnadene våre. Omvisarane som gjer eit godt arbeid gjennom sommaren for turistane som besøkjer kyrkjene våre. Dei som steller så fint på kyrkjegardane våre gjennom sommaren. Og ikkje minst staben, både dei på kontoret og på kyrkjegardane.

Vi i Lom kyrkjelege råd, vil med dette ynskje alle i Bøverdalen, Garmo og Lom, og alle andre lesarar av kyrkjebladet, ei god adventstid, ei god jul og eit godt nyttår!





90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever!

Gjør barnas hverdag litt lysere.

Gi din gave på **Vipps 936679**

Blå Kors

Jesu måltid: bakedag med 5-åringane



Tradisjonen tru hadde vi bakedag for 5-åringane den 3. oktober. Vi takka for det naturen gjev oss med å lage eplekake, bake bollar, mjukbrød og nattverdsbrød til messa dagen etter. Foreldre og besteforeldre var med som gode hjelparar.

Presten Emil fortalde om nattverdsmåltidet, og alle fekk smake på altarvinen, sjølv om nokre kanskje tykte den smakte litt rart? Vi samla oss rundt langbordet til eit triveleg felles måltid med alt det gode vi hadde laga.

DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjevalet 2027

Kyrkjeval: Derfor bør du stilla til soknerådsval

Kven skal forma arbeidet til kyrkjene i Lom dei neste fire åra? Kyrkjevalet 2027 nærmar seg, og kyrkjelydane treng menneske som vil vera med og ta ansvar. Kanskje er du ein av dei?

Lom kyrkjelege råd har ei viktig rolle i kyrkja. Det dei bestemmer, påverkar det som skjer i kyrkjelyden, frå gudstenester, kyrkjeleg undervising og læring, til kulturarbeid, omsorgsarbeid, frivillig innsats og tilbod til barn og unge. I kyrkjevalet vel ein over heile landet dei som skal sitja i sokneråd i kvart sokn. Alle medlemer i Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15. Det er kyrkjeval kvart fjerde år. Som medlem i rådet får du høve til å vera med og påverka kva plass og rolle kyrkja skal ha i lokalsamfunnet ditt.

Eit verv med meining
For mange rådsmedlemmar handlar vervet om å få vera med og gjera ein forskjell.

– Det er meiningsfullt å få innsikt i alt som rører seg av i soknet. Eg opplever at eg kan vera med og påverka korleis kyrkja utfører oppdraget sitt, fortel ein rådsmedlem.

Ein annan peikar på fellesskapen: – Mange positive menneske ønskjer å dra i same retning. Det gjev meg livskvalitet å få vera med.

Å sitja i soknerådet gjev høve til å bruka eigne erfaringar, interesser og perspektiv i arbeidet for fellesskapen. Kyrkja treng menneske med ulik bakgrunn og alder og ulik kompetanse. Om du går ofte eller sjeldan i kyrkja, om du er heilt trygg i den kristne trua di eller stadig undrar deg over korleis verda heng saman, er du velkommen. Det er nettopp mangfaldet av stemmer som gjer rådet sterkare og betre i stand til å vareta heile kyrkjelyden.

Har meir å seie enn mange trur
Lom kyrkjelege råd er med på å bestemma retninga for arbeidet til kyrkjelyden. Rådet arbeider med spørsmål som gjeld både verksemda i dag og kva som skal skje i åra framover. Det handlar om korleis ressursane skal brukast, kva tilbod som skal utviklast, korleis frivillige kan involverast, og korleis kyrkja kan vera relevant for menneske i alle livsfasar.

Gjennom arbeid i rådet kan ein derfor vera med på å skapa konkrete resultat i lokalsamfunnet. Små og store avgjerder som blir tekne rundt møtebordet, får noko å seia for menneske som brukar kyrkja i kvardagen og ved dei store hendingane i livet. Den norske kyrkja er avhengig av medlemmer som vil vera med å forma framtidas kyrkje. Kanskje er det din tur i 2027?

Meiningsfullt
Rådet gir høve til å samarbeida med andre, utvikla nye idear og vera med på å styrkja kyrkja som fellesskap. Samtidig viser erfaringane at mange opplever vervet som meiningsfylt og givande. Ein stor del av dei som sit i kyrkjelege råd svarar at vervet er like tilfredsstillande eller meir tilfredsstillande enn dei hadde venta.

Rom for nye
Kyrkja treng ikkje berre dei som allereie er mest engasjerte. Den treng også nye perspektiv, nye erfaringar og nye stemmer. Om fleire seier ja til å stilla, blir også kyrkja betre rusta til å møta framtida. Kanskje er det no du tek steget frå engasjement til medansvar!

Vil du vera med, eller ønskjer å vita meir? Ta kontakt med kyrkjekontoret der du bur.

Les meir på kirken.no/valg



Om kyrkjevalet

- Kyrkjevalet blir arrangert kvart fjerde år, neste val er hausten 2027
- Kyrkjevalet 2027 er digitalt, med høve til å stemma i fem veker frå 10. august til 13. september
- Alle medlemer i Den norske kyrkja som er fødde i 2012 eller tidlegare har stemmerett
- I kyrkjevalet stemmer ein på medlemer til soknerådet der ein bur, og til Kyrkjemøtet og bispedømeråd.
- I soknerådsval er det vanleg at det berre er éi liste med namn på kandidatar
- I val til Kyrkjemøtet og bispedømmeråd er det fleire lister med ulik kyrkjepolitisk profil

Om Lom kyrkjelege råd

Rådet vårt består av 8 faste medlemmar, 7 varamedlemmar og 1 representant frå Lom kommune. Vi møtest om lag 5 gonger i året. Soknepresten sit fast i soknerådet, medan leiar blir vald blant dei som blir vald inn i kyrkjevalet.
Den lokale folkekyrkja i Lom vil skape tryggleik for alle, vidareføre tradisjonane i kyrkja og levere kvalitet i tilbodet til innbyggjarane.

Ti gode grunnar for å stilla til val

1. Du bryr deg om lokalmiljøet ditt
2. Du vil vera med og bestemma
3. Kyrkja treng ulike stemmer og erfaringar
4. Fellesskap skaper ikkje seg sjølv
5. Barn og unge fortener gode møteplassar
6. Tru, kultur og omsorg betyr framleis noko
7. Du kan gjera ein forskjell
8. Du lærer noko nytt om deg sjølv og andre
9. Det er givande å skapa noko saman
10. Framtidas kyrkje treng menneske som deg



Foto: DG-trykk

Besøk hjå Dale-Gudbrands trykkeri på Tretten

Fyrst i oktober tikka det inn ein epost frå DG-trykk med teksta: *Tiden går, men DG består. Selv om vi runder 85 år!*

Vi vart med dette inviterte til open dag i trykkeriet på Tretten, fredag 16. oktober. Ja, kvifor ikkje, tenkte eg, og kyrkjeverja gav fri for å reise på studietur nedover dalen.

I døra stod ein blid kar og tok imot meg, og rett innanfor var det servering av kaffe og god heimebaka kringle. Fersk gjærbakst er det beste eg veit! Ved kaffebordet møtte eg ei dame frå Øyer som dreiv med det same som eg, å lage kyrkjeblad i heimbygda si. Den eg har mest kontakt med i bedrifta i samband med trykking av kyrkjebladet er Bernt Harjo, som retta fram handa og ynskte velkomen til den langvegsfarande. Magnus Olaussen som er grafikar hjå DG-trykk tok meg med på ei omvising i lokala, der eg fekk sjå maskiner av både ny og eldre årgang. Han forklarte kva dei gjer om eit blad skal ha glansa omslag, når ein kalender skal holast for å kunne hengast opp på veggen, og korleis dei går fram om det skal vera kyrkjeblad med giroblankett. Og den maskina han er avbilda ved sidan av, lagar kalenderluker, slik som til dømes handball-kalenderen som er seld i Lom og Skjåk no før advent. Den maskina var av gamal tysk kvalitet og kjempetung! Men ho har fått litt ettermontering, og blitt litt meir HMS-tilpassa enn då den var ny.
På tur ut døra kom eg i prat med han som stod tok imot meg då eg kom. Det viste seg å vera Kjetil Pålsrud, barnebarnet til grunnleggjaren av trykkeriet som starta i 1941, så før eg sette nasen heimover fortalde han meg heile historia frå starten og fram til i dag.

Eg reiste heim med ny kunnskap om korleis både vårt, og dei 8 andre kyrkjeblada som DG-trykk produserer, vert laga.

Fyrste kyrkjebladet vi har funne som var produsert på Tretten var blad nr 1, i 1999. Det bestod av 8 sider, og den gongen kom kyrkjebladet i 6 utgåver i året.

Guri Husom



LOM FRIVILJUG SENTRAL

KVAR MANDAG	KVAR TYSDAG	KVAR TORSDAG	SISTE FREDAG
11.00 Bundingen strikkegruppe. Kaffe, te og biteti!	11.00 Småbarnskafé - Ta med deg dei unge lovende på treff! Kaffe og biteti.. 11.00 Kaffebesøk - Lom helseheim.	11.00 Aktiv saman, Lom! Sirkeltrening med fysioterapeut, lunsj og kaffe. Oppmøte i Presthaugen!	11.00 Fredagstreff Lom friviljugsentral byr på: -Underhaldning - Åresalg -Kaffe, te og biteti

Ein friviljug jobbar betre enn ein som må!

Lom Friviljugsentral er ein møteplass og ein ressurs for frivillig innsats i Lom kommune. Vi arbeider for å styrke fellesskap, inkludering og livskvalitet gjennom frivillig engasjement.
Vi søkjer friviljuge som har tid og overskot og som vil være med på kaffebesøk på helseheimen!

Kontakt Weronika – 901 82 957

Bruk av pynt og levande ljos på kyrkjegardane

Vi er stolte av dei vakre kyrkjegardane i Bøverdalen, Lom og Garmo. Og folk er flinke til å pynte på gravene. Om vinteren ynskjer mange å pynte med ljos, men vi lyt minne om at det ikkje er høve til å nytte levande ljos eller noko som helst med open flamme på våre kyrkjegardar. Alternativet er å nytte lykter som går på batteri. Vi vil også minne om at pynt til jul på gravene lyt fjernast att når jula er over.

Særskilt julepynt som ikkje er teken bort frå gravstadene, kam kyrkjegardsarbeidarane utan varsel fjerne etter 20. januar.

Vinterdekorasjonar elles skal festaren syte fot vert rydda seinast 1. mai, jf. Kyrkjegardsvedtektene.



Orientering om vigsel i Lom kyrkjekommune

Dette er korleis vi organiserer vigsel i kyrkjene våre:
Datoar for vigsel vert lagt ut ca. april året før, på nettside, facebook og kyrkjeblad nr. 1.
Det er kun desse datoane som er tilgjengelege, da dette er helger med arbeid for kyrkja sine tilsette.
Ta kontakt med kyrkjekontoret for å høyre kva som er ledig.
Fram til 1. oktober vil datoane vera reserverte for brurepar med bustadadresse i Lom eller tilknyting til Lom (Føresette med bustadadresse i Lom).
Har vi ledige tidspunkt etter dette, vil vi opne for brurepar utan adresse eller tilknyting.
Vi ynskjer å nytte tidspunkta 11:00, 13:00 og 15:00 for vigsel. Men tidspunkt kan verte endra sentralt grunna tilgang til prest. Om dette vert endra, skjer dette rundt nyttår.

Sjå meir informasjon på heimesida til kyrkja på www.kirken.no/lom

Datoar for vigsel i kyrkjene i Lom 2027

08. mai		13:00	15:00
22. mai Kun i Lom			15:00
29. mai Kun i Garmo			15:00
05. juni Kun i Bøverdalen			15:00
26. juni			15:00
10. juli	11:00	13:00	15:00
14. august	11:00	13:00	15:00
18. september	11:00	13:00	15:00
09. oktober	11:00	13:00	15:00

Gravferdshjelpa Lom og Skjåk

Gravferdshjelpa ynskjer å gje ***TILLIT - OMSORG - TRYGGLEIK***
Eg kan hjelpe dykk med alt vedrørande gravferder og kremasjon.

Anne Sperstad
mob. 95 72 36 71

NORGESFÔR
Ottadalen Mølle
Alltid der **for deg**

STOKK & STEIN
2686 Lom Tlf. 90860858 www.stokkstein.no

Heim og ætt

Dåp:



Lom:
04.10 Iver Leirvåg Brimi
04.10 Olav Vole
04.10 Amund Kvåle Skjerpingstad

Døde:



Lom:
22.09 Agnes Eriksen f. 1940
25.09 Anne Berit Moen f. 1968
20.10 Anne Øygard f. 1929

Nå er omnane igangsette!

Med vinter og kulde ute set vi på elektrisk varme i kyrkjene våre, og omnane er varme!



Vi vil difor be dykk alle om å passe godt på så det ikkje kjem klede eller sko/såler innpå omnane.

Flagging utanfor kyrkjene



Lom kyrkjelege råd har ansvar for flagging ved kyrkjene når det er kyrkjelege handlingar.

Elles er det ulikt frå Lom kyrkje til Garmo og Bøverdal kyrkjer.

I Lom er det kommunen som har ansvaret i samband med dei andre flaggdagane i året, slik som 1. påskedag, 1. mai, 17. mai, 1. nyttårsdag og kongelege gebursdagar. Då vi fekk sett opp flaggstong i Garmo og Bøverdalen, vart det gjort eit vedtak i Lom kyrkjelege råd om at desse flaggstengene skulle nyttast kun ved kyrkjelege handlingar. Då dette ikkje er ei offentlege flaggstong.

Vi får ein del telefonar og klager på sosiale media når vi ikkje flaggar, difor lurer vi på om det er friviljuge som vil ta på seg å flagge ved Bøverdal eller Garmo kyrkje? Då er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret.

Om kyrkjebladet

Kyrkjebladet vert sendt ut til alle husstandar i Lom kommune. Bladet kjem ut med fire nummer i året. Ein gong i året vil de finne giro vedlagt for bladpengar, og vi oppmodar alle heimar om å støtte Kyrkjebladet for Bøverdalen, Lom og Garmo.

Vi ynskjer å seie tusen takk til kvar einskild som støttar bladet!

Vi set stor pris på at mange som bur utanfor bygda abonnerar på bladet. Abonnementinformasjon står under kontaktinformasjonen vår på side 2.

Hugs berre å skrive namnet til den som abonnerer ved innbetaling. Ofte står det berre kontonummeret, og da har vi ikkje høve til å finne ut kven som har betalt, og betalaren får ikkje blad i postkassa.

Salmekveldar

Vi ynskjer velkomen til salmekveldar i kyrkjelydshuset i Lom.

Kveldane som er sett opp:

- 19.januar
- 16.februar
- 16.mars
- 13.april

Tidspunktet er 19:00.
Det vert kaffe og litt biteti.

Vel møtt til trivelege kveldar med salmesang!



Messeplan

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i kyrkjene i Lom, er det oftast messe i ei av kyrkjene i Skjåk – og omvendt. Barnedåp let seg gjere på mange av messene våre.

Sundag 29. november
LOM KYRKJE kl. 15:00. Ljosmesse der konfirmantane deltek. Utdeling av kalender til 3-åringane. Offer til Kirkens bymisjon

Sundag 29. november
GARMO KYRKJE kl. 19:00. Ljosmesse der konfirmantane deltek.
Offer til Kirkens bymisjon

Sundag 06. desember
LOM KYRKJE kl. 11:00. Musikkmesse.
Offer til Kyrkjemusikk.

Sundag 06. desember
BØVERDAL KYRKJE kl. 19:00. Ljosmesse der konfirmantane deltek.
Offer til Frelsesarmeen.

Torsdag 24. desember Juleftasmesse
LOM HELSEHEIM kl. 11:00.

Torsdag 24. desember Juleaftan
LOM KYRKJE kl. 15:00. Familiegudsteneste.
Offer til Kirkens bymisjon

Fredag 25. desember 1. juledag
BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00.
Juledagsmesse. Offer til Frelsesarmeen

Fredag 25. desember 1. juledag
GARMO KYRKJE kl. 14:00. Juledagsmesse.
Offer til Frelsesarmeen

Sundag 10. januar
LOM KYRKJELYDSHUS kl. 11:00.

Sundag 24. januar
GARMO KYRKJE kl. 11:00.
BØVERDAL KYRKJE kl. 15:00.

Sundag 31. januar
LOM KYRKJELYDSHUS kl. 11:00.

Sundag 14. februar
LOM KYRKJELYDSHUS kl. 11:00.

Sundag 28. februar
BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00.
GARMO KYRKJE kl. 15:00

Laurdag 06. mars
LOM KYRKJE Messe i samband med konfirmantsamling.
Tidspunkt vert annonsert seinare.

Sundag 21. mars Palmesundag
LOM KYRKJE kl. 11:00.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen.
Sjå fast annonse i Fjuken og på facebooksida vår: kyrkjene i Lom
Sjå og nettsida vår: https://www.kirken.no/nn-NO/fellesrad/Lom/

Kva skjer i kyrkja?
Det finn du ut her!

Bruk kamera-appen på telefonen din for å scanna QR-koder!



Kalender for Lom kyrkjelege råd: